

## Valløfter og den kommunale økonomien

I våre liv er det slik at noko har vi styring med, men det meste er utanfor vår kontroll. Dei fleste av oss styrer eigen økonomi; vi regulerer utgiftene våre etter dei inntekter vi har. Ein seksåring forstår dette, han kjøper ikkje karamellar for 10 kroner når han har 8 kroner.

Valkampen, MDG inkludert, er prega av lovnader. Mange lovnader er godt grunngjeve og naudsynte tiltak for innbyggjarane, men dei har store økonomiske konsekvensar i form av auka utgifter. Det store spørsmålet er imidlertid korleis skal lovnadane finansierast? Kan dei finansierast med skattelette som å fjerna eigedomsskatten? Kan dei finansierast med auka eigenbetaling for kommunale tenester (ingen parti føreslår det)? Kan lovnadane finansierast med sentralisering og rasjonalisering? Kan byråkratiet reduserast for å produsera fleire tenester?

Så er det slik at vi gjennom dei siste hundre åra har hatt kommunestyre i Noreg og arbeidet med lovnader og finansiering har alltid vore ei vesentleg oppgåve. Vi må tru at dei som sat i kommunestyret før var like kloke som dei vi no vel inn. Lesarinnlegg og partiprogram prøver å overtyda oss om at det skal verta betre og klokare avgjerder. Slik vert det neppe.

Kommunen sine inntekter kjem i hovudsak frå statlege løyingar, eigenbetaling for kommunale tenester og eigedomsskatt. Staten regulerer mykje av den økonomiske styringa av Kongeriket gjennom overføringane til kommunane og velferd gjennom krav om tenester til innbyggjarane. Vert det økonomiske spraket mellom pålagde tenester og statlege overføringar for stort, får kommunane problem i sine rekneskap slik vi ser i dag.

For økonomien i Kvinnherad kan vi enkelt seia at driftsutgiftene er for store i høve til inntektene, at vi har over 1100 millionar kroner i lån og at vi har over 600 millionar i aksjar og verdipapir. Gapet mellom inntekter og utgifter kan neppe fortsetja, ein renteauke på 1 % aukar utgiftene med 11 millionar kroner og verdipapira kan over natta verta redusert med 100-tals millionar kroner. Det økonomiske risikonivået i Kvinnherad synest å vera høgare enn nokon av oss fattar.

Som veljar kan eg spørja: kva kan kommunestyret gjera noko med og kva er utanfor kommunestyret sitt handlingsrom? Truleg er det få valløfter som kan gjennomførast. Ei realistisk tilnærming til økonomi og valløfter vil vera det beste grunnlaget for å finna nye løysingar. Miljøpartiet ynskjer ei slik tilnærming.

Svein Opdal  
Leiar MDG Kvinnherad